

PROTOKOLL
Forhandlingsutvalet

Møte: 02/2016
Tid: Tysdag 16. februar kl. 15.00 – 18.00
Stad: Strilatun

Til stades:

| Kommune | Ordførar | Varaordførar | Politikar | Rådmann |
|---------------|---|--|------------------|-------------------------------|
| Austrheim | Per Lerøy | Anne Dahle Austrheim | Jorund Stellberg | Jan Olav Osen |
| Fedje | (Ingen møtte frå Fedje på grunn av dårleg vær) | | | |
| Gulen | (Vinterferie i Gulen) | | Ivar Eide | |
| Lindås | Astrid Aarhus Byrknes | Nina Bognøy | Bjarte Vatnøy | Ørjan Raknes Forthun |
| Masfjorden | Karstein Totland - Møteleiar | Torill Torsvik Størkersen | Egil Kvingedal | Svein Helge Hofslundsengen |
| Meland | Øyvind Oddekalv | Anne Grete Eide – vara for Nils Marton Aadland | Sigmund Larsen | Ingvild Hjelmtveit |
| Modalen | Tom Kristian Thorsen | Kristin Nåmdal | Sigmund Vikane | Øivind Olsnes |
| Radøy | Jon Askeland | | | |
| Tillitsvalde: | Utdanningsforbundet: Jarle Næss og Elisabeth Bygstad Fagforbundet: Liv Berit Haukås og Else Soltveit | | | |
| NUI: | Bent Gunnar Næss – prosjektleiar og Rune Heradstveit – dagleg leiar | | | |
| Fylkesmannen | Ingen | | | |
| KS Hordaland | Ingen | | | |
| Sonat | Trond Wincentzen - prosessrettleiar | | | |

| | |
|------------------|---|
| Sak 04/16 | Godkjenning, møteinnkalling og saksliste Regionrådsleiar Karsten Totland ønskte velkommen til møte. Referatet frå førre møte vart gjennomgått. Det var ingen merknadar til det. Innkalling og saksliste vart godkjent. |
| Sak 05/16 | Intensjonsavtalen Prosessrettleiar Trond Wincentzen innleia til arbeidet med gjennomgang av intensjonsavtalen. Redaksjonsutvalet hadde eit møte fredag 12. februar. Med grunnlag i den avtalen som Meland, Lindås og Radøy har underteikna og innspel i møtet i forhandlingsutvalet 9. februar var det sendt ut eit utkast til intensjonsavtale. Der var også tatt med noko frå utkastet til intensjonsavtale som det «store alternativet» hadde jobba med. I møtet vart det delt ut eit utkast som klarare viste kva som var forslag til endringar i høve til den intensjonsavtalen som dei «tre» hadde utforma, den var også sendt ut på e-post tidlegare |

på dagen.

I møtet jobba ein seg gjennom kap. 1 til og med kap. 8. i utkastet til intensjonsavtale. Kap 9, 10 og 11 står att til neste møte.

Oppsummert pr. kapittel kom det fram følgjande som forhandlingsutvalet meinte må sjåast på / endrast:

- Kap 1 – ingen forslag til konkrete endringar, men det vart kommentert at det bør lagast eit utkast til felles saksframlegg til kommunestyra
- Kap 2 – fordelar og ulemper – i 3. avsnitt må gjerast meir konkret og utfyllande
- Kap 3 – siste setning flyttast opp og kan nyttast som innleiing til visjonen
- Kap 4 – her bør det ryddast opp slik at det vert klårare kva som er prinsipp, verdiar og mål
- Kap 5 – dette med lokal- og nærsenter vart diskutert
- Kap 6 – Var einige om at ein skal ha formannskapsmodellen med gjennomgåande representasjon i utvala. Kommunestyret skal ha 43 medlem og formannskapet 13 medlem. Det var ein diskusjon om ein kunne ha krav om geografisk representasjon, men fann ut at det ikkje var mogeleg med dagens lovverk. Sjå eige punkt om Modalen og lokalutval.
- Kap 7 - ein stryk setninga om at eksisterande skulebruksplanar vert revidert Ein tar inn ei setning som seier – «Skulane på Fedje og i Modalen skal oppretthaldast.» Siste setning i første avsnitt under «Samfunns og næringsutvikling» vert følgjande; «Knarvik skal vera eit sterkt regionscenter i fylkessamanheng.» Nokon presiseringar med omsyn til namn og nr. på vegane under lokale samferdselprosjekt. I tillegg vart det tatt inn ein ny setning; «Fylkesveg 57 bør omklassifiserast til riksveg. Denne er i dag ein del av prosjektet «kystvegen Ålesund – Bergen» Setninga om felles kulturhus vert flytta fram til etter setninga om frivillige lag og organisasjonar og det står; «Den nye kommunen vil arbeida for å realisera eit felles regionalt kulturhus». Under avsnittet om at ... målretta satsing på betre ferje/.... Her må også hurtigbåten til Bergen og ferja til Fedje omtalast.
- Kap 8 – ei mindre justering av setninga om fond – som da vart slik; «Frigjorte midlar og ressursar skal nyttast til å styrkja handlefridomen og byggje opp eit kommunalt utviklings- og næringsfond».

Med bakgrunn i den presentasjonen som ordførar i Modalen hadde om kraftinntektene i Modalen i møte 9. februar var det forslag om følgjande:

- Det vert oppretta eit lokal utval i Modalen med heimel i kommunelova § 10.
- Lokalutvalet har i oppdrag å forvalte konsesjonsavgifta frå kraftinntektene og inntektene frå kraftproduksjon som er øyremerka til fiske og vilt.

Grunngevinga for dette er at kraftutbygginga i Modalen gir lokalsamfunnet ein del ulemper knytt til vassdraga, men det gir lite med lokale arbeidsplassar. Det er difor ikkje urimeleg at lokalsamfunnet får behalde ein del av dei lokale inntektene. Dersom Modalen vert med i ein storkommune, så vil den konsesjonskrafta som i dag går til fylket kunne forvaltast av den nye kommunen. Det vil gi ekstra inntekter.

Forhandlingsutvalet såg positivt på at ein opprettar eit lokalutval i Modalen og vil til neste møte i forhandlingsutvalet ha fram følgjande

- Notat som seier noko om bakgrunn for - og kva lokalutvalet skal ha av oppgåver og ansvar
- Konkret forslag til tekst om lokalutval som takast inn i intensjonsavtalen

Sak 06/16

Kommunikasjonsplan

Lindås kommune har planlagt folkemøte der tema vil vere kommunesamanslåing. Dei har laga ein presentasjon som skal nyttast på desse møta. Denne presentasjonen kan gjerne bli brukt

| | |
|-----------|---|
| | <p>som mal for dei andre kommunane også. Presentasjonen er lagt ved referatet.</p> <p>Heimesida til NUI vart vist og der er det ei eiga fane for «Kommunereform». Alle referat og innkallingar til forhandlingsutvalet og anna relevant informasjon om kommunereforma vil bli lagt ut der. Rune Heradstveit understreka at det er viktig at kommunane følg opp dette med link til NUI si heimeside og at kommunen fylgjer opp med aktiv informasjon utad slik at det kjem ut varslar når det skjer noko nytt. Kommunane sin facebook bør nyttast og linka til nytt på heimesida.</p> <p>Til neste møte i forhandlingsutvalet vil der vere eit forslag til ein kommunikasjonsplan.</p> |
| Sak 07/16 | <p>Vegen vidare</p> <p>Karstein Totland oppsummerte møtet og takka for godt engasjement og konstruktiv framdrift. Redaksjonsnemnda vil jobbe med det som er kome fram.</p> <p>Neste møte i forhandlingsutvalet er tysdag 23. februar kl. 16.00 – 19.00 på Nordhordland folkehøgskole, Frekhaug. Førebels saksliste ser slik ut:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Intensjonsavtalen • Kommunikasjonsplan |

Strilatun, 16. februar 2016

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Bent Gunnar Næss
Prosjektleder
Nordhordland Utviklingsselskap IKS